

Aktivitetdagen: Alt klart, men spente på veret

11.06.2008

Aktivitetstid i Uskedal Båthavn

14. juni Kl. 11.00-15.00

- HOPP I HAVET Konkurransen!
- Andeløp i Uskedalselva
- Brannbilen kjem og køyrer tur med dei minste
- Fjordrafting
- Hoppeslott m.m.
- Flyoppøising
- Trekkspelklubben
- Michael Røssland
- Lokalt ungdomsband
- Ansiktsmaling
- Lykkehjul & Lynlotteri
- Utlødding av fotball og Branndrakt signert av Brannspelarane
- Diverse salsboder/standar
- Sal av grillmat, kaffi & kaker
- Sal av sukkerspinn



Det er ein tettpakka meny også for årets Aktivitetstid.

Alt er tydelegvis på skinner, men Aktivitetshusets Damevenner er spente på laurdagsveret. I det lengste håpar dei at alle gode ting er tre, for Aktivitetsdagen i båthamna var velsigna med framifrå ver både i 2006 og 2007. Inntekta til det gode føremålet vart deretter: 15.000 første året og 30.000 det andre. Kva blir det i år?

Øverst på den spanande menyen står revlinga "Hopp i Havet" og dei 11 innmeldte ekvipasjane (eller kva ein skal kalla dei) bør vel snart vera både konstruerte og testa. Men naturleg nok lek det ikkje ut nokre opplysningar om kva som går føre seg.....

Ein annan ny og spanande dyst er andeløpet i elva, frå Djupehølen til brua, og det blir rapportert om godt sal av dei meir enn 200 gule endene som skal konkurrera til inntekt for idrettslaget.

Fjordrafting med rib, flyoppvisning ved Tor Gundersen, brannbiltur for dei minste og hoppeslott er andre "højdare" og når det gjeld det musikalske kjem trekkspeklubben, trubadur Michael Røssland og det svært ferske, lokale ungdomsbandet som heiter WoX og som hadde stor suksess i Rosendal for stutt tid sidan.

Ansiktsmaling, lykkehjul, utlodning av Brann-effektar, sal av mat og drikke og mykje anna står også på programmet.

Men mykje avheng av fint ver slik at dei driftige arrangørane slepp å ty til kriseløysingar.

Av Ola Matti Mathisen



Aktivitetsdagen kan bli ein suksess ogår i år, hvis vergudane vil. Så fint var veret for to år sidan og det var ikkje dårlegare i fjor. Då var truleg rundt 400 innom båthamna. (Foto: Ola Matti Mathisen)